



Utv.saksnr	Utval	Møtedato
37/20	Formannskapet	22.09.2020
49/20	Kommunestyret	29.09.2020

## Reguleringsplan for skiferuttak i Nordheringslie - sluttbehandling og godkjenning

### Vedlegg:

Vedlegg:

- 1 Planskildring med konsekvensutgreiing
- 2 Plankart
- 3 Reguleringsføresegner
- 4 Juridisk bindane illustrasjon
- 5 ROS-analyse
- 6 Skredfarevurdering ved skiferbrotet
- 7 Støyfagleg vurdering

### Saksframlegg:

Detaljregulering for skiferuttak i Nordheringslie var på høyring i perioden 03.04.2020 - 26.05.2020. Reguleringsplanen har ikkje blitt sluttbehandla og godkjend tidlegare fordi det ikkje har vore politiske møter i løpet av sommaren. Planforslaget er utarbeidd av Nordplan på vegne av Dovreskifer AS. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for uttak av skifer i Nordheringslie, gnr. 69 bnr. 3 m.fl. i Vågå kommune.

Det kom i høyringa 8 uttaler. Alle uttalene er referert i dette saksframlegget saman med administrasjonen sin kommentar til kvar uttale. Vågå kommune har hatt dialog med forslagsstillar om nødvendige presiseringar i planen og motteke justert forslag til detaljreguleringsplan. Justert forslag til detaljregulering for skiferuttak i Nordheringslie består av følgjande dokument:

1. Plankart
2. Føresegner
3. Planskildring med konsekvensutgreiing
4. ROS-analyse
5. Kart som viser uttaksetapper (juridisk bindande illustrasjon)
6. Skredfarevurdering ved skiferbrot i Nordheringslii Vågå kommune
7. Støyfagleg vurdering
8. Tilleggsregistrering bekkekløft Vågå
9. SOSI-fil (digital kartfil)

Alle dokument er oppdaterte etter offentlig ettersyn for å imøtekomme innkomne merknader. Det er gjort endringer i planforslaget for å imøtekomme merknader, men det er ikke gjort endringer som går utover dei rammer som låg i planforslaget som var ute til offentlig ettersyn. Det er ikke brakt inn nye element i planforslaget, berre justering av føresegner og ei innskrenking av masseuttaksområdet ved Liasetre for å ta omsyn til merknad frå grunneigarar og Fylkesmannen i Innlandet.

Oppsummering av innkomne uttaler og kommentarar til desse er gjeve under:

#### Statens vegvesen

*"Vi syner til brev datert 03.04.2020.*

#### *Bakgrunn*

*Planforslaget skal legge til rette for skiferbrott med uttak av skifer i Nordheringslie i Vågå kommune.*

#### *Statens vegvesen si rolle i planlegginga*

*Statens vegvesen har ansvar for å sørge for at føringar i Nasjonal transportplan (NTP), Statlege planretningslinjer for samordna bustad-, areal- og transportplanlegging, vegnormalar og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretatt i planlegginga. Vi uttaler oss som forvaltar av riksveg på vegne av staten, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport.*

*Statens vegvesen har det generelle ansvaret for å sjå til at trafikktryggleik og framkommelegheit blir ivareteke i transportsystemet. Dette gjer oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklande.*

#### *Våre innspel til planarbeidet*

*Vi viste i planforum 15.10.2019 til at ein må vurdere bereevna på fylkesvegen for å sjå kva den kan tole. Det er kjent at det er behov for å oppgradere vegen, men vi kjenner ikkje til at det ligg inne konkrete planer for dette per i dag. Vi har også påpeikt at det må settast krav til at krysset Liasætervegen/fylkesveg 2634 blir utbetra i tråd med dagens krav, før det vært gitt løyve til vidare drift. Frå 01.01.2020 har fylkeskommunen teke over forvaltning av eige vegnett, og det er dei som må uttale seg vidare om desse sakene. Ut over dette har ikkje Statens vegvesen merknader til planen."*

#### **Kommentar:**

Ettersom ansvar for vegen er flytta til Innlandet fylkeskommune ved samferdsel er deira merknad til høyringsforslaget kommentert. Uttala frå Innlandet fylkeskommune er samanfallande med uttala frå Statens vegvesen

#### Innlandet fylkeskommune

*Vi viser til høyringsdokument datert 03.04.2020.*

*Fra 01.01.2020 ble drift, utbygging, planlegging og forvaltning av fylkesvegene overført fra Statens vegvesen til fylkeskommunene. Disse oppgavene utføres nå av Samferdselsavdelingen i Innlandet fylkeskommune. I tillegg til at fylkeskommunen uttaler seg som forvalter av fylkesveger, har vi samferdselsfaglig også ansvar for å sørge for at regionale føringar innanfor trafikkikkerhet, samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging, miljø og klima, samt tilrettelegging for gående, syklende og kollektivtrafikk, blir ivaretatt i planleggingen. Vi viser også til Kommunal- og moderniseringsdepartementets Nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging 2019-2023, vedtatt ved kongelig resolusjon 14.05.2019.*

#### *Bakgrunn*

*Formålet med planarbeidet er å legge til rette for uttak av skifer på gbnr. 69/3 m.fl. i Vågå*

kommune. Planarbeidet skal og ta hensyn til viktige miljø- og risikoaspekt ved uttaksdriften og legge til rette for transport av utstyr og produkt ut og inn av området. I kommuneplanen er området satt av til LNF-R-formål.

### *Planprosess og medvirkning*

Oppstartsmøte ble avholdt med kommunen i slutten av november 2018. Det ble meldt planoppstart i januar 2019. Planen ble behandlet i planforum i oktober samme år. Tilbakemeldinger fra oppstartsvarsel og fra planforum er innarbeidet i planforslaget som nå foreligger.

### *Planen*

Planområdet ligg østvendt i skråninga mellom Liasetervegen på vestsida av Finna (elv), i Nordheradslie i Vågå. Området er ikke bebyggt, men har spor etter tidligere uttaksdrift.

### *Natur og friluftsliv*

Uttaksområdet ligger delvis innen et stort bekkeløftsystem i Finndalen med verdifullt naturmangfold. Her er det satt av hensyssoner for bevaring av naturmiljø, noe fylkeskommunen ser på som svært positivt. Det er ikke et område som brukes til rekreasjon og friluftsliv og har følgelig ikke retningslinjer for dette.

### *Samferdselsfaglige forhold*

Statens vegvesen (SVV) har tidligere uttalt seg til saken, og viser til uttalelsen til oppstartsvarsel datert 13.02.19 samt regionalt planforum i oktober samme år.

### *Kryss fv. 2643/Liasetervegen*

Fylkeskommunen mener planforslaget i liten grad svarer ut de samferdselsfaglige forventningene satt i uttalelsen til oppstart; «Vi forventar at utgreiinga på transportområdet også omfattar berekning av transportmengde som planlagt drift vil føre med seg, og vurdering av trafiksikkerheit knytt til trafikken». I planbeskrivelsen fremgår det følgende: «Den geometriske utforminga av krysset er ikkje detaljert i forbindelse med utforminga av denne planen. Den geometriske utforminga av krysset er vurdert til å vera tilstrekkeleg for den venta transportproduksjonen som skiferbrotet vil gje». Fylkeskommunen mener at vurderinga er svært mangelfull. Videre kan vi ikke se at det er gjort beregninger for hvor stor transportmengde som skiferbruddet vil medføre samt vurdering av tiltak i krysset, og kan således ikke se at våre krav er etterkommet.

Fylkeskommunen forutsetter at det innarbeides rekkefølgekrav knyttet til kryssutbedring av krysset mellom fv. 2643 og Liasetervegen, og at krysset skal være utbedret før det blir gitt tillatelse til drift. Krysset må for øvrig dimensjoneres for store kjøretøy. Videre minner vi om at kryssutforming skal være i tråd med Statens vegvesen sin håndbok, N100. Tegninger av krysset skal godkjennes av Innlandet fylkeskommunes samferdselsavdeling.

### *Frisikt*

Vi minner for øvrig om at frisikkravet er 6\*120 meter. Vi ber om at det knyttes bestemmelser til dette.

### *Fylkesvegens beskaffenhet*

Fylkesvegen har i dag dårlig bæreevne, og bruksklasse på vegen er lav sett i lys av transporten på vegen skiferbruddet vil kunne komme til å genere. Fylkeskommunen minner om at dette vil legge føringer for tillatt aksellast. Bruksklasse er satt til BkT8-50 tonn med tillatt aksellast på 8 tonn. På vinterstid er det BkT10-50. Fylkeskommunen forventer at tiltakshaver er et forhold som tiltakshaver må innrette seg etter og gjøre seg kjent med.

## Konklusjon

Fylkeskommunen imøteser dialog vedrørende kryssutforming av krysset mellom fv. 2643 og Liasetervegen før det fattes vedtak i saken.

### **Kommentar:**

Det er i føresegnene innarbeidd ei rekkefølgeføresegn som tek omsyn til dei merknadene som Oppland fylkeskommune har til kryss fv. 2643 og Liasetervegen. Det inneber at vegkrysset må utbetrast før det kan vere drift innanfor planområdet. Kryss fv. 2643/Liasetervegen skal vere utbetra etter Statens vegvesen si handbok N100 og teikningane skal vere godkjend av Innlandet fylkeskommune si samferdselsavdeling. Det skal skrivast gjennomføringsavtale med fylkeskommunen. Krysset skal vere dimensjonert for store kjøretøy og frisiktkravet er sett til 6\*120 meter.

### Direktoratet for mineralforvaltning

*"Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmeisteren for Svalbard (DMF) viser til ovannemnde sak, datert 3. april 2020. DMF er statens sentrale fagmyndigheit ved forvaltning og utnytting av mineralske ressursar, og skal bidra til størst mogleg samla verdiskaping basert på ein forsvarleg og berekraftig utvinning og foredling av mineraler. Vi forvaltar lov om erverv og utvinning av mineralske ressursar (minerallova), og har eit særleg ansvar for at mineralressursar blir teke omsyn til i saker etter plan-og bygningslova. Sentrale mål i mineralforvaltninga er å sikre tilgangen til mineralressursane i framtida og å hindre at viktige førekomstar blir bandlagt av arealbruk som utelukkar framtidig utnytting.*

### **Om planen**

*Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for uttak av skifer i Nordheringslie, Gnr./bnr 69/3 m.fl. i Vågå kommune. Det skal leggje til rette for uttak av førekomsten slik at denne kan drivast fullt ut på avtalte områder. Det har tidligare vore uttak av skifer i området. Det er no eit ønske om å drive ut resterande skiferressurs. Finna hovedbrudd ligg i Noregs geologiske undersøking (NGU) sin ressursdatabase1. Førekomsten er vurdert til å ha lokalbetyding som natursteinsførekomst. Det er tidlegare gitt dispensasjon for prøvedrift avgrensa til 1.6.2019, opp til 2000 m3. Det er søkt om driftskonsesjon for området; saka er i skrivande stund ikkje ferdig behandla.*

### **Fråsegn til planen**

*Samla uttak på meir enn 10 000 m<sup>3</sup> masse, samt eitkvart uttak av naturstein krev konsesjon før drift kan starte, jf. minerallova § 43. Søknad omkonsesjon skal sendast til DMF, og aktuelle partar og lokale myndigheiter vil bli hørde før konsesjon eventuelt blir gjeve"*

*Drift, sikring og avslutning av masseuttak blir regulert av minerallova med forskrifter og gjennom eventuelle vilkår sett av DMF. Driftsplan for masseuttaket skal godkjennast av DMF i samband med tildeling av driftskonsesjon. Driftsplanen skal som eit minimum oppfylle krava som følgjer av DMF sin rettleiing for driftsplan2. Tiltakshavar skal i tillegg retta seg etter andre krav, føresegn og retningsliner gitt i medhald av anna lovverk, medrekna føresegner i reguleringsplanen.*

### **Fagleg råd**

*Reguleringsføresegner bør ikkje bli gjeve på ein slik måte at dei bind opp drifta og avslutninga av masseuttaket. Reguleringsføresegner må gjennom ein ny behandling ved behov for endring, eventuelt at tiltakshavar søker om dispensasjon frå føresegn som er i konflikt med driftsplanen. Uttaket er stort, 130 daa, og er vil ha eit livsløp som går over fleire tiår, og det er gjort langsiktig avtale med grunneigar om uttak. Ein driftsplan er eit dynamisk verktøy for tiltakshavar, og skal kunne endrast i takt med laupande bergfaglige vurderingar og andre driftsrelaterte forhold. Vesentlege endringar av driftsplanen skal godkjennast av DMF. Vi kan ikkje sjå at det er gjort greie for kvifor det er eit behov for å vidare binde opp drifta i reguleringsplanen. På dette grunnlaget ber DMF Vågå kommune om å*

ta ut eller endre føresegn 4.1.d), med unntak av siste avsnitt. DMF vil òg informere om at 4.1.d), tredje setning kan vere i strid med rasjonell og rekningsssvarande drift, og bør tas ut. Ordlegginga her krev i praksis stans av drifta for ein periode, der uttak i ein etappe skal vera avslutta og istandsett før drift i neste delområde vert opna. DMF rår til at forholdet til minerallova og driftsforhold kan bli teke inn i reguleringsføresegna, på følgjande eller liknande måte: «Drift skal skje i samsvar med føresegner i minerallova med gjeldande forskrifter, samt i vilkår i løyve etter lova. Direktoratet for mineralforvaltning er myndigheit etter lova. Driftsområde skal jamleg bli avslutta, rydda og istandsett for etterbruk, og lagt til rette for naturleg revegetering.» Driftsfagleg vurdering av plana skjer ved handsaming av søknad om driftskonsesjon etter minerallova. Ved å binde detaljert drift opp i reguleringsplanen, kan det oppstå konflikt mellom bergfaglege vurderingar og reguleringsføresegner. Dersom kommunen likevel meiner det er naudsynt å ha med etappeinndeling i reguleringsplanen, rår DMF til at dette følgjer planen som ein retningsgjevande illustrasjon. For nærmare informasjon om minerallova med tilhøyrande forskrifter, sjå heimesida vår på [www.dirmin.no](http://www.dirmin.no). Her finn du og vår digitale kartløyving, som er eit nyttig verktøy for oppdatert informasjon om mineraluttak, bergrettar m.m., supplert med relevante kartdata frå andre etatar.

#### Kommentar:

Føresegnene 4.1.d) er endra slik at rydding og istandsetting av ferdig etappe vil kunne gå parallelt med drift i neste etappe. Det er i føresegnene presisert at rydding og istandsetting for etterbruk kan gå over 3 år etter oppstart av ny etappe. Dette medfører at det ikkje vil bli stans av drifta for ein periode. Det faglege rådet frå Direktoratet for Mineralforvaltning er slik sett imøtekomme.

#### NVE

"Vi viser til høringsdokument datert 03.04.2020. Vi har hatt en god dialog denne saken, og det ser ut til at kommunen har gjort en god jobb i forbindelse med dokumentasjon og avklaringer knyttet til både naturfare og biologisk mangfold. Vi har imidlertid en merknad til planen og det er knyttet til skredfare og bestemmelsene til fareområdene som er kartlagt. I skredfarerapporten som er utarbeidet (Sunnfjord GeoCenter, dokumentnr 2018-07-103C, datert 29.10.2019) heter det i oppsummeringen:

«Skredfarevurderinga viste at det er fare for flaumskred langs enkelte av dreneringsvegane, snøskred i nordvestre del av planområdet og fare for steinsprang frå fjellskjeringane i skiferbrotet. Utanom nemnde flaumskredfare er det ikkje fare for andre typar skred frå området ovanfor skiferbrotet. Ingen av desse skredfaretypane treng føra til ekstra risiko med tanke på drift i skiferbrotet. Flaumskred vil kunne oppstå når det er svært kraftige nedbørsepisodar og faresonekartet (Figur 10) viser kvar desse skreda då kan gå. Styrer ein unna desse områda under slike kraftige nedbørshendingar er det dermed ikkje noko ekstra risiko. Det presiserast at faresonekartlegging etter TEK17 er for byggverk. Når det gjeld steinsprang og utfall av blokker frå fjellskjeringane vil det alltid vera ein fare for det i eit aktivt skiferbrot. Så lenge driftselskap (Dovreskifer AS) føl prosedyrar for sikker drift, fører ikkje dette til ekstra risiko. Det vil vera driftsselskap som har ansvar for at skiferen vert henta ut på ein trygg måte.» NVE vurderer ikke skredfare for byggegropar og fjellskjæringer i forbindelse med anleggsvirksomhet, men vårt fokus og ansvar ligger på skredfarevurderingar og sikkerhet mot skred fra naturlig terreng. Skredfare i byggegrop/anleggsområdet som en følge av aktiviteten som skal utføres i området, må tiltakshaver sørge for at er ivaretatt slik at gjeldene HMS-krav er ivaretatt. I rapportens konklusjon heter det imidlertid at de har vurdert sikkerhetskravene for området ut fra sikkerhetskravene i byggt teknisk forskrift (TEK17) og at dette gjelder for byggverk. Vi minner da om at byggt teknisk forskrift også gjelder oppholdsareal der folk skal oppholde seg – for eksempel i forbindelse med en arbeidsplass. Men sikkerhetskravet er lavere enn for selve byggverket, nemlig S1. **Vi mener derfor at bestemmelsen til hensynssone skred må omfatte en formulering om at arbeid innenfor hensynssone skredfare må kun skje etter at tilstrekkelig sikring er på plass, eller at personopphold bare skal skje innenfor områder som tilfredsstillende sikkerhetskrav for dette og som tilfredsstillende S1 sikkerhetskravene.**"

Kommentar:

Det er innarbeidd ei formulering i føresegna til omsynssone skred som tek for seg at personopphald berre skal skje innanfor område etter at tilstrekkeleg sikring er på plass.

### Fylkesmannen i Innlandet

*"Vi syner til oversending dagsett 03.04.2020 med høyring og offentleg ettersyn av forslag til detaljregulering for skiferbrot i Nordheringslie. Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for uttak av skifer på gbnr. 69/3 m.fl. i Vågå kommune. Planarbeidet skal og ta omsyn til viktige miljø- og risikoaspekt ved uttaksdrifta og legge til rette for transport av utstyr og produkt ut og inn av området. I kommuneplanen er området avsett til LNF-R-formål.*

*I brev frå Fylkesmannen dagsett 04.03.2019 til Nordplan AS og til Direktoratet for mineralforvaltning dagsett 11.03.2020 kommenterer Fylkesmannen at uttaksområdet ligg delvis innafor eit stort bekkekløftsystem i Finndalen med eit dokumentert og svært verdifullt naturmangfald. Fylkesmannen merkar seg positivt at det er avsett omsynssone for bevaring av naturmiljø og at kommunen har gjort ei god utgreiing for korleis planarbeidet skal ta omsyn til naturmangfaldet i bekkekløftsystemet i Finndalen.*

### *Omsyn til landbruksinteresser*

*Mot Liasetervegen og mot dyrka jorda på Liasetrin er det lagt ei vegetasjonssone på 15m mellom vegen/dyrka marka og masseuttaket. Nedenfor dyrka marka og vegetasjonssona er det vidare i masseuttaket lagt inn bestemmelsessone i masseuttaksområde. Denne er ca. 20 m brei og ca. 120 m lang og utgjør ca. 2,5 daa. Fylkesmannen meiner at ei 15 m brei vegetasjonssone i ei bratt li er svært lite og vil ha marginal effekt for skjerming mot masseuttaket. Fylkesmannen meiner at nedanfor dyrka marka på Liastra må denne sona utvidast vesentleg. Det hadde vore naturleg at denne vart utvida til 35m bredde og då hadde ein ikkje hatt trong for den bestemmelsessona som er lagt der. Dette vil og vere heilt marginalt i høve til det samla areal til masseuttak.*

### *Samfunnstryggleik og beredskap*

*Det er utarbeidd risiko- og sårbarhetsanalyse for reguleringsplanen. I følgje denne er det fare for steinsprang, flaumskred, snøskred og lokale flaumar i delar av planområdet. Desse områda er markerte som omsynssoner i plankartet. Når det gjeld risikoreduserande tiltak visast det i analysen til planomtalen kap 6.6. I tillegg er mellom anna forbod mot bygningsmessige tiltak innanfor området som er vist med ras- og skredfare teke inn i planføresegn 5.2.*

*Punkt 6.6.5 i planomtalen om anleggssikring omtaler krav til sikringstiltak i forbindelse med opphald i fareutsette område. Kommunen må vurdere om desse krava skal innarbeidast i planføresegnene. Risiko- og sårbarhetsanalysen tar ikkje for seg utkast av stein ved sprenging i fjelltaket og risiko for omgivnadene i høve til dette. Vi legg til grunn at kommunen har vurdert at planområdet lokaliserings ikkje medfører slik fare. I denne samanhengen viser vi og til at det av analysen går fram at det ikkje er risiko knytt til farleg gods i området. Transport og eventuell lagring av sprengstoff til bruk i fjelltaket må etter vårt syn omfattast av dette.*

Kommentar:

Grunneigarane av eigedom gnr. 69 bnr. 3 har også eit ynskje om at vegetasjonssona blir auka. Kommunedirektøren meiner det er fornuftig at tilrådinga frå Fylkesmannen blir følgt og vegetasjonssona er difor utvida til å utgjere 35 meter ved dyrka mark ved Liasetre. Bestemmelsessona som Fylkesmannen viser til i høyringsuttale blir dermed fjerna ettersom det ikkje er trong for den. Det er innarbeidd ei formulering i føresegna til omsynssone skred som tek for seg at personopphald berre skal skje innanfor område etter at tilstrekkeleg sikring er på plass.

Cecilie og Jan Selmo:

*"Vi som eigare av skiferbruddet i nordherad er ikkje blitt informert av Dovre skifer a/s om at dei skulle ha eit så stort område til uttak av skifer. Vi stiller da spørsmålet om at kommunen kan godkjenne konsesjon på uttak av skifer uten ei underskrevet kartavtale med grunneigar.*

*Denne kart avtala prøvde dovre skifer a/s å få oss til å underskrive nå i januar 2020, noe som vi ikkje gjorde, vi kontaktet da vår advokat som skreiv eit brev til dovre skifer a/s. Etter dette brevet har vi ikkje høyrte noko fra dei. Vi synes at uttaksområdet skal vera lenger ned enn det dei mener.*

*Og hvorfor har dei sett regulerings området innafor liasæterveigen, noe som ikkje var på tidligare kart fra norplan. På tidligare kart var reguleringsområdet nedanfor veigen. Vi er skeptiske på uttak så høyt pga dette virker som at det blir veldig bratt heng nedanfor vår dyrka mark på Liasætra".*

Kommentar:

I følge grunneigarane på gnr. 69 bnr. 3 har dei aldri godkjend og skrive under på at uttaksområdet skal vere så stort som reguleringsplanen legg opp til. Administrasjonen har etter at høyringsutala kom inn hatt ei samle med grunneigarane på gnr. 69 bnr. 3. Dei gir da uttrykk for at dei ønskjer at vegetasjonssona mot Liasetre blir auka til 80 meter. Dei ønskjer også at vegetasjonssona blir auka til 40 meter mot Liasetervegen. Det er særleg bratt i området og dei ønskjer å ha ei større vegetasjonssone for å sikre at det ikkje oppstår erosjon og utrasing av vegbane. Det er også viktig at vegetasjonssona mot dyrka mark og Liasetre blir større for ikkje å forringe dei kvalitetane som er på setra.

Kommunedirektøren har forståing for grunneigarane sitt ynskje, men gjer merksam på at sjølv om ein reguleringsplan opne for skiferuttak så er det opp til grunneigarane om dei ynskjer å ta ut skifer i området eller ikkje. Ein reguleringsplan opne for den aktiviteten som det er regulert for, men arealet kan framleis ligge som landbruks- natur- og friluftsområde (LNF-område) og fungere som vegetasjonssone dersom grunneigarane ønskjer det. Det er gjennom avtale med Dovreskifer dei må bli einig om avgrensing av uttaksområdet. Dersom grunneigarane ikkje har signert noko kartavtale, som dei seier, vil det ikkje vere mogleg for Dovreskifer å ta ut skifer, med mindre grunneigar samtykker til dette.

Kommunedirektøren ser det som naturleg at vegetasjonssona ved Liasetre blir utvida til 35 meter, slik at det ikkje er behov for bestemmelsessona som sett begrensinger på driftstida. Dette er også jamfør tilråding frå Fylkesmannen i innlandet. Dersom grunneigarane vil ha ei større sone så må det bli ei privatrettsleg avtale mellom grunneigar og Dovreskifer. Sjølv om eit område er regulert for framtidig uttak av skifer så er det grunneigar som bestemmer over arealet og kan si opp eller endre avtale med firma som står ansvarlig for drifta. Planfagleg er det ikkje behov for ei større vegetasjonssone mot Liasetre eller Liasetervegen ut frå andre innkomne høyringsfråsegn. Kommunedirektøren meiner det er fornuftig at tilråinga frå Fylkesmannen blir fulgt og vegetasjonssona er difor utvida til å utgjere 35 meter ved Liasetre. Bestemmelsessona som Fylkesmannen viser til i høyringsuttale blir dermed fjerna ettersom det ikkje er trong for den.

Naturvernforbundet i oppland, Norsk ornitologisk forening, avd. Oppland, Gudbrandsdal sportsfiskeforening:

*"På bakgrunn av utsendte høringsdokument ønsker vi å gi følgende høringsinnspill:*

*Vi stiller oss ikke negative til tiltaket og oppfatter det som akseptabelt forutsatt at planforslagets forutsetninger følges. Det er imidlertid avgjørende at tiltaket ikke gir negativ påvirkning av verneverdiene i Finna.*

*Fra vernegrunnlag - NVE: Anbefalt referansevassdrag. Beliggenhet sentralt i Sør-Norge. Nordlig sidevassdrag til Otta i Gudbrandsdalslågen som renner ut i Glomma. Vassdragets elver og vann er sentrale deler av et variert og kontrastrikt landskap med store høydeforskjeller, fra høyfjellsvidde til bred og flat dalbunn med seterdrift. Elveløpsformer, geomorfologi, botanikk, landfauna og vannfauna inngår som viktige deler av naturmangfoldet. Store kulturminneverdier. Viktig for friluftsliv og reindrift. Utfyller nasjonalpark ned til utløpet i Vågåmo.*

*Fra beskrivelse av bekkekløften - Tilleggsregistrering av bekkekløft - Nordheringslie - Rådgivende Biologer AS:*

*I beskrivelsen av bekkekløften står det at variasjonen i naturtyper, vegetasjon og treslag er svært stor. Påvirkningsgraden varierer mye, men deler av skogen er gammel. Det er særlig bergveggene som har en rik lavflora med en rekke krayfulle og truede arter, særlig i nedre del av liene og langs elva. I alt er 15 rødlistearter kjent fra kløfta. Det oppsummeres i beskrivelsen at Finna er en av de meste interessante og verdifulle bekkekløftene i Norge.*

*Vi viser til viktige momenter i plandokumentene som omhandler tilkomstvegen til skiferbruddet. Eksisterende tilkomstveg går langs bekkekløfta, og i sør berører den bekkekløfta som er avmerka som hensynssone i kommuneplanen. Her vil en viktig forutsetning være at det ikke tillates at eksisterende tilkomstveg som grenser mot bekkekløften, utbedres eller utvides mot øst, men kun mot vest eller sørvest. Dersom det skulle være påkrevd med utbedringer mot øst, dvs. mot bekkekløften, må det kreves tilsyn og kontroll med at man unngår de nevnte partiene med eldre/død skog og lokaliteter med påviste rødlista arter.*

*Vi forutsetter også massetipping ved vegbygging eller produksjon ikke skal skje i bekkekløft. Fare for ugunstig avrenning og miljøgifter må ivaretas gjennom prøvetaking og planlegging ift. fare for avrenning. Skiferbruddet må også følge et generelt opplegg for eksternt tilsyn for å ivareta verneverdiene i Finna.*

*Vi vil ellers opplyse om at det i mange år har vært hørt hubro fra elvejuvet nedenfor Skjedsvoll-gardene. Den ble sist hørt herfra våren 2016, uten at vi kan stedfeste tilholdsstedet nærmere. Lytting i de senere årene har vært resultatløs. Hubro er plassert i kategorien sterkt truet (EN) på gjeldende norsk rødliste for arter, og en lang rekke tiltak er satt i verk for å sikre artens forekomst i Norge. Alle vannforekomster i kommunen må også ha som mål å være i minst like god økologisk tilstand i samsvar med målsetningene i vanddirektivarbeidet og ikke utsettes for nye tiltak som vil redusere denne.*

**Kommentar:**

Uttale blir tatt til etterretning. Det er teke omsyn til bekkekløfta ved utarbeiding av reguleringsplanen. Reguleringsføresegnene sikrar at det ikkje er kan gjerast inngrep, tipping av masse eller andre tiltak innanfor bekkekløfta.

**Vurdering:**

Detaljregulering for skiferuttak i Nordheringslie var på høyring i perioden 03.04.2020 - 26.05.2020. Formålet med planarbeidet er å legge til rette for uttak av skifer i Nordheringslie, gnr. 69 bnr. 3 m.fl. i Vågå kommune. Det kom 8 uttaler til høyringa og kvar enkelt av dei innkomne uttalene er kommenterte i dette saksframlegget, og kommunedirektøren viser til sine kommentarer. I høyringsperioden kom det ingen motsegn til planforslaget, berre merknader. Planforslaget er justert for å ta omsyn til desse merknadane. Grunneigarane av gnr. 69 bnr. 3, Jan og Cecilie Selmo har i høyringsfråsegnet yttra at dei ikkje er samd i avgrensing av planområdet og dette vart ytterlegare



presisert i eit møte med kommunen etter at høyringsfristen var ute. Kommunedirektøren syns det er uheldig at forslagsstiller har så dårleg dialog med grunneigarane. Det er grunneigarane som rår over sin eigen grunn og utan skriftleg avtale kan ikkje forslagsstiller ta ut skifer, sjølv om reguleringsplanen opne for det.

Planfagleg ligg det til rette for å ha den planavgrensinga og uttaksområdet som planen legg opp til etter at vegetasjonssona mot Liasetre og dyrka marka er utvida til 35 meter. Grunneigarane ønskjer større vegetasjonssone og kommunedirektøren meiner ein har imøtekome grunneigarane noko ved å auke sona ved Liasetre til 35 meter. Dessutan så meiner kommunedirektøren at det er mogleg å avsette ei større vegetasjonssone enn det planen legg opp til ettersom det er opp til grunneigarane. Ein reguleringsplan opne for den aktiviteten som det er regulert for, men arealet kan framleis ligge som landbruks- natur- og friluftsområde (LNF-område) og fungere som vegetasjonssone dersom grunneigarane ønskjer det.

I Vågå kommune er det ingen tradisjon for at ein forslagsstiller regulerer eit areal som grunneigar ikkje er samd i. Kommunedirektøren har valt å legge vekt på at planfagleg ligg det til rette for å sluttbehandle og eigengodkjenne reguleringsplanen med ei vegetasjonssone på 35 meter ved Liasetre. Grunneigarane sitt synspunkt har kome fram seint i planprosessen, etter offentleg ettersyn, og difor vel kommunedirektøren å legge vekt på det planfaglege og ikkje prinsippet om sjølråderett over eigen grunn, da dette kan løysast gjennom privatrettslege avtaler mellom grunneigarar og forslagsstillar.

Kommunedirektøren meiner at saka er tilstrekkeleg utgreidd og kan leggest fram for sluttbehandling og godkjenning.

#### **Kommunedirektøren si innstilling:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-12 blir forslag til detaljregulering for skiferbrot i Nordheringslie, gnr. 69 bnr. 3 m.fl. godkjent.

#### **Saksprotokoll i Formannskapet - 22.09.2020**

##### **Behandling:**

Samrøystes

##### **Formannskapetets framlegg:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-12 blir forslag til detaljregulering for skiferbrot i Nordheringslie, gnr. 69 bnr. 3 m.fl. godkjent.

#### **Saksprotokoll i Kommunestyret - 29.09.2020**

**Behandling:**

Samrøystes

**Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova §§ 12-12 blir forslag til detaljregulering for skiferbrot i Nordheringslie, gnr. 69 bnr. 3 m.fl. godkjent.